

1979

STEM RAUD VALALLIANSE

Raud Valallianse er eit valsamarbeid mellom AKP(m-l) og uavhengige sosialistar.

Målet vårt er eit sosialistisk samfunn der arbeidarklassen har makta i staten og i produksjonen. I eit slikt samfunn vil ressursane verte brukte på ein planmessig og økonomisk forsvarleg måte, og det vil verte slutt på den sløsinga med menneskelege og materielle ressursar som kapitalismen står for.

RV stiller til val for å fremje og stø vanlege folk sine krav på fylkestinget. Representantane våre vil arbeide for og fremje saker i samråd med lokalfolket og lokale aksjonar.



10 gode grunner

til å stemme RV

Raud Valallianse er:

1. mot bygging av atomkraftverk.
2. for forbod av nazibanden «Norsk Front».
3. for umiddelbar oppheving av lønsstoppen.
4. for handheving av forbodet mot hardporno.
5. mot utbygging av Alta-Kautokeino vassdraget.
6. for støtte til frigjeringsrørsler og land i den tredje verda som kjempar mot imperialismen og for frigjering og sosial utvikling (slike som Eritrea, Nicaragua, Kampuchea).
7. for oppretting av kommunale ungdomsklubbar der ungdommen sjølv rår.
8. for styrking av norsk forsvarsevne mot Sovjet og USA sine krigsførebuingar.
9. for ei reell styrking av primærnæringane mot sentralisering og einsidig satsing på kraftkrevjande industri og oljeindustri.
10. for sosialismen, mot den ressursøydande og menneskefiendtelege kapitalismen.

Er du einig i to av desse krava bør du overveie å stemme RV.

Er du einig i fire — ja, då bør du absolutt stemme RV.

Dette vil RV kjempe for

HELSE OG SOSIAL

- mot nedleggjing av småsjukehusa — inga nedskjering av løyvingane.
- alle sjukehus må utføre abort.
- fleire distriktslækjarstillingar må opprettast.

ENERGI — NATUR OG MILJØ

- mot utbygging av vassdraga Gaular, Naustdal-Gjengedal og Jotunheimen-Breheimen.
- opprustning av småkraftverk, utbetring av linjenettet og betre utnytting av energi som industrien i dag sløser vekk.
- mot oljeboring nord for 62. breddegrad.

SAMFERDSLE

- oppretthalding av hurtigruta.
- styrking av kollektivtrafikken.
- utbetring av gamle og farlege vegstrekningar.
- bygging av vegen Underdal—Flåm.

MOT RASERING AV PRIMÆRNÆRINGANE

- småbøndene må få tilleggsjord.
- låneramma må hevast.
- auka minstepris på fisk.
- slå ned på alt rovfiske.
- seie opp gråsone-avtalen med Sovjet.

KULTUR OG IDRETT

- støtte til Sogn og Fjordane Teater sitt krav om allmøte som høgste organ.
- oppretting av kystmuseum i Florø.
- auka offentlege løyvingar til idretten.

Stem på desse ved valet i haust:

1. Morten Jentoft, industriarbeidar, Årdal.
2. Berit Hatteberg, røntgenassistent, Florø.
3. Oddgeir Osland, gymnasiast, Askvoll.
4. Einar Rysjedal, industriarbeidar, Høyanger.
5. Sissel Erdal, kontorassistent, Hardbakke.
6. Tom Farsund, platearbeidar, Førde.
7. Gunnar Furehaug, skipsrørleggar, Førde.
8. Ingrid Geithus, husmor, Sandane.
9. Olve Steinset, industriarbeidar, Svelgen.
10. Oddny Johansen, husmor, Årdal.
11. Aamund Berge, bonde, Oppstryn.
12. Haldor Byrkjeflot, soldat, Naustdal.
13. Iris Meland, skuleelev, Leikanger.
14. Geir Oldeide, fiskeri-industriarbeidar, Vågsøy.
15. Atle Myhre, lærar, Askvoll.

Ei stemme til RV er ei stemme til ein uredd talsmann for fag-
rørsla, ulike interesseorganisasjonar og folkelege aksjonar.

RV vil gjere kjent for folk kva som skjer i fylkes- og kommune-
styre. Ein representant frå RV vil vere ein revolusjonær repre-
sentant som ikkje vil la seg kjøpe opp av fylkesadministrasjo-
nen eller private interesser.

Raud Valallianse i
Sogn og Fjordane,
v/Einar Rysjedal,
Høyanger.